



Arkivnr: 2017/692-60
Saksbehandlar: Bertil Søfteland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesvalstyret		14.06.2017

Listeforslag frå Demokratane i Norge - mottatt klage

Samandrag

Klagar ber om at vedtak i fylkesvalstyret 23.05.2017 blir omgjord kva gjeld forkasta listeforslag frå Demokratane i Noreg med tillitsvald Jann Atle Jensen. I klagen vart det argumentert med at forkasta listeforslag representerer det lovlige lokallaget og at godkjend liste frå Demokratane i Noreg ikkje er lovleg utøvande organ i frå partiet.

Forslag til vedtak

Fylkesvalstyret opprettheld vedtak frå fylkesvalstyret 23.05.2017 om ikkje å godkjenne listeforslag nr. 2 Demokratane i Norge til Stortingsvalet 2017. Klagen vert send Riksvalstyret for overprøving.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: Brev frå Demokratane i Norge v/ Makvan Kasheikal
Utskrift frå Partiregisteret.
Klage frå Demokratane i Norge v/ Jann Atle Jensen
Protokoll frå Landstyret , Demokratane i Norge
Protokoll frå Sentralstyremøtet, Demokratane i Norge
Brev frå Partilovnemnda
Brev frå Brønnøysundregistrene

Fylkesrådmannen, 09.06.2017

Det vart innlevert to ulike listeforslag frå Demokratane i Norge. I fylkesvalstyret sitt møte 23.05.2017 PS 4/17 vart det gjort vedtak om å forkasta listeforslag frå Demokratane i Noreg med tillitsvald Jann Atle Jensen, listeforslag nr.2.

Valgdirektoratet har gitt følgjande uttale til løysing av saka:

« I valgforskriften § 16 er det fastsatt at dersom det er uklart hvem som har rett til å representere et registrert politisk parti på lokalt nivå og rett til å stille liste, skal valgmyndighetene innhente og legge til grunn uttalelse fra partiets utøvende organ, jf. partiloven § 3 (2) bokstav b. Partiets utøvende organ kan altså avklare spørsmål om hvem som kan representere dette partiet lokalt.

I relasjon til bestemmelsene i valgloven kapittel 6 om listeforslag er det ikke et krav at lokallaget er registrert i enhetsregisteret.

Dersom det oppstår tvil om hvem som representerer partiets utøvende organ, er det Partiregisterets registrering pr. 31. mars som skal legges til grunn, jf. partilovforskriften § 1-5 annet ledd».

I PS 4/17 var det opplyst følgjande:

«Særleg om Demokratane i Noreg:

Då tillitsvalde frå to listeforslag begge hevda å ha rett til å fremje listeforslag på vegne av partiet, vart det innhenta uttale frå partiets utøvande organ i samsvar med uttale frå valdirektoratet.

I brev av 10.04.2017 uttaler partileder Makvan Kasheikal at han som representant frå partiets utøvande organ stadfestar/godkjenner innlevert listeforslag underskrevet av Marianne Solheim og John Ingolf Hauge til Stortingsvalget 2017 som listeforslag for Demokratane i Noreg i Hordaland. Tillitsvald på den andre lista vart informert om uttala per e-post. Det er ikkje kome merknader på dette.»

Det er innkomme klage frå tillitsvalde Jann Atle Jensen for det listeforslaget til Demokratane i Norge som vart forkasta av fylkesvalstyret. Klaga anfører at det er deira liste som er den rettmessige og at denne må godkjennast. Klaga med vedlegg føl som vedlegg.

Slik ein ser saka kan ein ikkje sjå at klaga skal kunna medføra ei endring av fylkesvalstyret sitt vedtak. Her har ein innhenta uttale frå partiet sitt utøvande organ v/partiledar Makvan Kasheikal. Det er denne personen som i følgje Partiregisteret har rett til å representera partiet sitt utøvande organ.